



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 29.09.2023
Vår ref: 2023/14145

Dykkar dato: 15.09.2023
Dykkar ref: 2023/6841

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgnen, 5764 3079

Uttale - søknad - Bygging / oppgradering av landbruksvei - Alver 149/2 - Skardet - Raymond Skare

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 4 på gnr. 149. bnr. 2 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 350 meter med ny veg og 1200 meter med ombygging. I høyringsdokumenta står det om tiltaket at vegen vil løyse ut 250 dekar skog, og det er opplyst å vere om lag 12 000m³ med hogstmoden skog. Interesser i vegen er opplyst å vere 80 prosent skogbruk og 20 prosent jordbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1*, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*»

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken. Ein del av vegen som må oppgraderast går inntil ein naturtypefigur (rik edellauvskog med verdi B), men ei oppgradering vil neppe ha nemneverdig betydning for lokaliteten, så lenge ein ikkje et seg langt inn i figuren. Elles er det så vidt vi kjenner til ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggget.

Vi har heller ingen merknadar til landbruksinteressene som er oppgjeven, men naboen i sør, gnr./bnr. 149/7 og 8 bør kunne få moglegheit til å kjøpe/leige seg inn i vegen om dei treng det.



Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Martin Søgnen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent